



Naturvernforbundet

**SABIMA**  
SAMARBEIDSråDET FOR  
BIOLOGISK MANGFOLD



Miljødirektoratet  
v/Statsforvaltaren i Rogaland  
[sfropost@statsforvalteren.no](mailto:sfropost@statsforvalteren.no)

06.03.2024

## **KLAGE PÅ LØYVE TIL UTSETTING AV SITKAGRAN OG HYBRIDLERK PÅ 7/1 I KLEPP KOMMUNE**

Dykkar ref. 2024/312

Vi blei kjent med saka ved melding 7.2.2024 og fekk søknadsdokumenta tilsendt etter førespurnad 22.2.2024. Etter avtale med sakshandsamar Stein Bomo fekk vi utsett frist til 6.3.2023 for å sende inn klage.

Vi klagar på vedtaket.

Organisasjonane som klagar arbeidar spesielt med naturmangfold. Vi kan gjere nærmere greie for vår klagerett på førespurnad.

### **Rogaland med eige unnatak?**

Det er vind i store delar av Rogaland. Viss ein retter seg etter dette ved å plante sitkagran alle stader der det er vind, vil Rogaland etter kvart sjå ut som skogdistrikta på vestkysten av USA. Det vil ikkje vere i samsvar med t.d. Naturavtala. Det er ingenting i lovgjevinga på dette området som seier at Rogaland skal ha unnatak.

Sidan det er mykje vind i Rogaland, bør ein tvert om vere særskilt varsam med å bruke utanlandske treslag, sidan dei lettare der enn mange andre stader vil kunne spreie seg med vinden.

### **Tar skulen utfordringa?**

I staden for å ty til utanlandske treslag som vi veit gjer ugreie med naturen vår, bør ein kunne finne gode løysingar basert på norsk natur. Ein skule som driv forsøksverksemd med norske artar og norske teknikkar for eit kystnært klima, det burde gje god føresetnad for å få elevar i framtida. Vi merkar oss at søker opplyser om at det i utkantane er ein del lauvskog. Skog som har eigenskapar som gjer at trea kjem av seg sjølv kan jo vere eit godt utgangspunkt.

### **Sitkagran**

Søkjar seier sjølv: «*Hovudtreslag er sitkagran som vekst godt og trivast i eit ver- og vindutsett område.*»

Naturvernforbundet  
Mariboes gate 8  
0183 Oslo  
[naturvern@naturvernforbundet.no](mailto:naturvern@naturvernforbundet.no)

Sabima  
Mariboes gate 8  
0183 Oslo  
[sabima@sabima.no](mailto:sabima@sabima.no)

WWF-Norge,  
Postboks 6784 St. Olavs  
Plass, 0130 Oslo  
[wwf@wwf.no](mailto:wwf@wwf.no)

Viss ein legg dette til grunn for å tillate sitkagran, så vil ein kunne plante treslaget i store delar av Noreg. Det er ikkje i samsvar med lovgjevar sitt ønskje.

### **Hybridlerk**

I vedtaket står det: «*Hybridlerk har moderat til rask spredning og trives best på tørrare lokaliteter. Lerka spreng godt i kulturmark og blant annet kystlynghei, men trives ikkje noko særleg i fuktigare områder.*»

Vi har sett ein del hybridlerk langs kysten i Møre og Romsdal. Den er stort sett planta på meir og mindre grøfta myr. Trea er heller ikkje gamle når dei sett kongler. På myrene med leplanting er det lerk som kjem først og som veks raskast når det er tid for frøspreiing. Ein del av dette kan vere hybridlerk. At hybridlerk trivst best på tørrare areal utelukker ikkje at dei frøsår seg også på opne parti som er våtare.

### **Naturavtalen**

Noreg har skrive under på naturavtalen. Det som skal gjerast etter den avtala er det mange som må vere med på å utføre. Mellom anna fylkeskommunar og kommunar. Mykje må gjerast før 2030, og det er viktig at vi no snur oss riktig veg slik at det blir færre framande artar og ikkje fleire. Oppgåva er rikeleg vanskeleg nok som det er.

Mål nr. 6 i Naturavtalen: «*Eliminere, minimere, redusere og/eller avbøte påvirkningen fra fremmede skadelige arter på naturmangfold og økosystemtjenester ved å identifisere og håndtere introduksjonsveier for fremmede arter, forhindre at prioriterte fremmede skadelige arter introduseres og etableres, redusere introduksjons- og etableringstakten for andre kjente eller potensielle fremmede skadelige arter med minst 50 prosent innen 2030, og utrydde eller kontrollere fremmede skadelige arter, især på prioriterte steder, for eksempel øyer.*»

### **Øksnevad**

I vedtaket finn ein: «*Dette er eit av få litt større restareal med skog i ein kommunen der nesten alt areal er utnytta til jordbruksformål og andre utbyggingsformål. Det er difor ekstra viktig å ta vare på desse få restareaala for å sikre det rike artsmangfaldet i skogen og områda rundt, samt økologisk funksjon.*»

Viss ein over litt tid kan få byta ut utanlandske og framande treslag med artar ein veit har vore opphaveleg i området, ville dette bli endå mykje betre.

I området finst det både verneområde, kartlagde verdifulle naturområde og vernskog, i tillegg til at det finst ein variert natur mellom ulike kulturtiltak. Alt dette vil kunne bli negativt påverka av utanlandske treslag.

### **Oppsummering**

Det finst gode grunnar for ikkje å plante utanlandske artar ved Øksnevad. Vi har veldig god bruk for utdanningsmiljø som finn gode løysingar ved bruk av stadeigne artar. Naturen ved Øksnevad har kvalitetar som kan betrast om ein ikkje kan bruke utanlandske treslag. Søknaden bør difor avslåast.

Med venleg helsing

Arnodd Håpnes  
Fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet

Christian Steel  
Generalsekretær, Sabima

Marte Conradi  
Leiar for landteamet, WWF Verdens naturfond